

Referat Skulemiljøutvalet 30.02.2021

Onsdag 30.02.2021 KL.19.15-20.00 MØTET VART HALDE VIA TEAMS

Til Stades: Trond Hystad (møteleiar/referent), Pål Helland (rektor), Svenn Kåre Liodden, Line Hystad, Guro Lund, Marte Drange Haugland, Ingebjørg Grøsvik (ingen frå elevråd).

Saksliste:

09/20 – 21: GODKJENNE REFERAT FRÅ FORRIGE MØTE

Ingen kommentarar. Referat godkjent

10/20 – 21: PARKOURBANE

Rektor Pål Helland tek kontakt med rektor på kulturskulen Gareth Whittaker for hjelp til å tegne parkourbanen.

Pål Helland og Trond Hystad avtaler eit møte for utarbeiding av framdriftsplan. Det er mål om å ha dette på plass 1. veke etter vinterferien for oppstart 22. mars. Mål om ferdigstilling 30. April.

11/20 – 21: HJARTESONE

Lage plan for medvirkning

Målet til skulen er at 90% av elevane skal gå eller sykle til skulen.

FAU har allereie diskutert bruk av Transponder til å spre informasjon om dette.

Representantane frå lærarane påpeiker at det allereie er mykje viktig informasjon som går ut via Transponder, og at ein kanskje bør bruke andre kanalar til denne aksjonen.

Det vert føreslått å bruke den planlagte facebookside til Hystad Skule, vekeplanar og skulen si heimeside.

Det vert også føreslått å arrangere ein konkurranse mellom klassane, der ein kårar ein vinnar ved «kick off». Dette går ut på å registrere kor mange som går eller sykklar, og kor mange som vert kjørt. Det vert i denne samanheng påpeika at enkelte elevar bur slik at dei må kjørast til skulen, og at dette må takast hensyn til. Elevar som går frå sin droppsoner vert registrert som gåande. Forslaget tas med til trafikkgruppa i FAU.

Det vert føreslått at elevane sjølv er med aktivt ute og informerer ved droppsoner og snuplasser. Her bør både Elevrådet, representantar frå FAU og tilsette stille med gule vestar.

Det vert fremja ønske om fartsdumper opp Håvåsen, dette må takast via riktig etat i kommunen.

Det bør komma informasjonsrunder i form av små drypp fram mot «kick off». Det er ønskelig at det vert utforma informasjonsplakatar som FAU medlemmer og klassekontaktar kan dele med sine klassar. For eksempel via facebookgruppene. Pål lager til dette.

11/20 – 21

NATURLØYPE I SKOGEN

Det er planlagt å lage ei naturløype i skogen bak Valldaihuset, eventuelt på sida av huset.

Det er naudsynt med dugnag for å få dette til.

Ymse utstyr vert føreslått å kjøpe inn:

-Kjetting

-Tau

-Trestokkar

-Sement

-Blåse (avhengig av regelverk)

-Lage til balansetau.

Marte og Pål utarbeider ei liste.

Dette må finansierast via FAU, eventuelt elevrådet.

FAU må arrangere dugnadsgjeng.

12/20 – 21

RENOVERING AV TAK PÅ LANDSKAP 1/BIBLIOTEKET

Rektor informerte om arbeidet og HMS tiltak tilknytta dette.

Det pågår installasjon av utvendige renner, da det har vore problem med lekkasjer i bygget.

All transport av material føregår utanom skuletid, og området er gjæra inn. Dette vil pågå i 14-21 dagar. Framdrifta er god, og det er ikkje registrert nokre avvik.

13/20 – 21

YMSE

Informasjon om at skulen har kjøpt inn tre nye høgtalarar til bruk ved utandørs.

Inn til vidare er det ikkje mogleg å lage til noko større arrangement på skulen som til dømes diskotek.

Elevrådet har fått to digitale skjermar mot TUNET, som skal nyttast til «digital veggavis». Då har elevrådet ein informasjonskanal ut til medelevane sine.